
Vår referanse 2020/41409-2
Dato 24.02.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Gnr. 304, bnr. 5 - Søknad om dispensasjon for nybygg i LNF-område - Alver kommune

Viser til brev datert 11.02.2020 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Omsøkte nybygg er utført og gjeld så lang me kan sjå også søknadspliktig terrenginngrep/planering og etablering av veg/parkeringsplass.

Området tiltaka er plassert i blir, på grunn av høgda over havet og talet på steinalderbuplassar i nærheita, vurdert til å ha høgt potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne. Då tiltaka allereie er utført er moglegheita for å vurdere det aktuelle området, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 11, ikkje lengre til stades. Dette er veldig beklageleg. Me har ingen vidare merknader i saka.



Figur 1. Automatisk freda kulturminne i området, vist med rune R.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift